



ADU Atle D Utkilen
Ingjerd Haugen
Postb 75
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1712 - 15/31165

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
30.09.2015

Mellombels bruksløyve 2 - gbnr 202/3 Hjelmås - infrastruktur i Helleåsen - del av veg

Administrativt vedtak. Saknr: 428/15

Tiltakshavar: Hjelmåsen A/S

Ansvarleg søkjar: ADU Atle D Utkilen

Søknadstype: Søknad om mellombels bruksløyve etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Søknad om mellombels bruksløyve for veganlegg frå fylkesvegen til p140 vart motteken 16.09.2015

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttokumentasjon og har erklært at delar av tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 08.10.2014]. Ansvarleg søkar har stadfesta at denne delen av anlegget har tilfredsstillande tryggleiksnivå til å takast i bruk. Følgjande arbeid står att:

1. Resten av veganlegget
2. Resten av VA-anlegget
3. Annan infrastruktur i bustadfeltet

Mellombels bruksløyve gjeld følgjande del av tiltaket: **Veganlegget frå fylkesvegen til p140**

Ansvarleg søkar/tiltakshavar har ikkje opplyst om tidspunkt for ferdigstilling. Det vert difor sett ein frist på to år for søknad om ferdigattest/nytt bruksløyve.

VURDERING

Kommunen legg motteken dokumentasjon til grunn og finn etter ei samla vurdering at det kan skrivast ut mellombels bruksløyve for delar av tiltaket, jf. plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd.

Skildring

Adresse:	Gbnr 202/3 Hjelmås
Tiltak	Teknisk infrastruktur for Helleåsen bustadfelt

Tidlegare vedtak:	Løyve til tiltak - Administrativt vedtak datert 08.10.2014
	Mellombels bruksløyve 1 datert 30.07.2015
Avløp:	Privat, tilknytt offentleg nett
Vatn:	Privat, tilknytt offentleg nett

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for delar av infrastrukturen for Helleåsen på gbnr 202/3, på følgjande vilkår:

1. Mellombels bruksløyve gjeld **Veganlegget frå fylkesvegen til p140.**
2. Mellombels bruksløyve er gyldig til **01.10.2017.**

Bortfall av mellombels bruksløyve

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest/nytt bruksløyve. Om det ikkje ligg føre ferdigattest/nytt bruksløyve innan fristen er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyra. Om attståande arbeid ikkje vert ferdigstilt innan fristen skal kommunen gje pålegg om ferdigstilling etter plan- og bygningslova kapittel 32.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klagt på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til **saknr.: 14/1712**

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Tal	Sum
10.2.8	Delt sakshandsaming. Mellombels bruksløyve	1	Kr 2 900,-
	Totalt gebyr å betala		Kr 2 900,-

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl. § 21-4 (6).

Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Tor Hegle
avdelingsleiar

Knut Bjørnevoll
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Hjelmåsen A/S
Teknisk drift

Hjelmåsen 37
Her

5915

HJELMÅS

Mottakarar:

ADU Atle D Utkilen

Postb 75

5953

FONNES